Referat frå styremøte 4 - 2026 Seniornett Førde

Dato: torsdag 1. oktober 2026 Tid: 16:15 – 16:45

Stad: Førdehuset, kjellaren kursrom A

Til stades Jorunn Skogen (leiar), Reidun Naustdal (nestleiar), Ingunn Ramstad (kasserar), Kjell Olav Slotterøy (vara) (Bjørg Ladehaug har måtte trekke seg frå nestleiarvervet).

Opning av møtet Kva kan vi tilby i haust? Kven, kva, korleis og når? Møtet skal gå gjennom innspela til opplegg i haust og sjå til at dei er handsama så godt som mogleg i den spesielle situasjonen alle er i etter årsmøtet i år. Samt huske at haldninga i styret er å vere nøkterne med kva som er mogleg å klare få til med alt nytt å handtere for oss og alle andre når det gjeld kommunikasjon, logistikk, innhald/metodar ift lærestoffet, tidsfaktor.

Sak 11/2026 Utkastet «Veiledningsplan Seniornett Førde høsten 2026»:

Dei faste kurshaldarane Knut Johan Mikkelsen og Arne Sandnes uttalte ved kursslutt i vår at dei henholdsvis satsa på, eller kanskje satsa på, å bidra igjen til hausten men i mindre omfang enn før og i tråd med årsmøtevedtak i mars. På overføringsmøte 7. april frå avgått styre til nytt styre skisserte Knut at deira utgangspunkt var å halde kurs 1 dag i månaden på kvar sine dagar. Skal det vere tilbod kvar veke, kan opplegget f eks bli veksling mellom kursgruppe med kurshaldar og kursgruppe aleine utan kurshaldar (2 runder pr. månad). Så følger valget mellom kursgruppe aleine og hjelpe kvarandre, eller om det er hjelparar med - og i så fall korleis rekruttere hjelparar. 4 hjelparar har blitt mulig finne og møte med dei er halde 17. september ilag med styret, Monrad Kolstad og Egil Nestande som var dei to som kunne møte av andre ressurspersonar i foreninga (to var forhindra). På internt samarbeidsmøte 3. september for alle kurshaldarar og styret varsla Knut om: aktuelle kursdatoar (+ sendt i epost 24.august), Knut & Arne samarbeider og er fleksible ift. dato, og oppsett kjem. Deira kursdatoar blei varsla 22. september. Dette - saman med at styret i august fikk lovnad om 2 kurs i regi av kommunen - gjorde at tilbod i 10 veker frå oss var mulig starte få dagar etter medlemsmøtet 24. september når ein såg om det kom påmeldingar på medlemsmøtet eller ei til dette opplegget. Det kom 27 påmeldingar.

Vedtak:

Styret set i gang opplegget med kurs og eigenaktivitetsdagar/repetisjon slik det viser i utkastet «Veiledningsplan Seniornett Førde høsten 2026» (framlagt 22. september til styret) med tilbod på torsdagar i 10 veker frå 1. oktober til 3. desember for 2 grupper inkl. 2 kursdagar i regi av Sunnfjord kommune (som styret har vore i dialog med dei om sidan i sommar). Kommunekurset er på Rådhuset og er for alle grupper på same tid. Kursdeltakarane får tilsendt «Kursplan for Seniornett Førde, hausten 2026» i epost.

Sak 12/2026 Utkasta *Datadagar i Seniornett Førde *Startkurs i data på pc for seniorar:

Til internt samarbeidsmøte 3. september for alle kurshaldarar og styret sendte fast kurshaldar Egil Nestande epost 24.august om sine tankar for haustsemesteret 2026 i følgeskriv til desse to opplegga som var vedlagt. Opplegga har mange gode idear og er nøye metodisk beskrive inkl. eitt med namn på innleiarar - og som det pr. no ikkje er ferdigsnakka om. Møtet 3. september strakk ikkje til på dette området. Viss opplegget som er vedteke (styresak 11/2026) hadde blitt forhindra frå å kome i stand, kunne «Datadagar i Seniornett Førde» vore reserveplan å ta i bruk. Ein versjon 2 av «Datadagar i Seniornett Førde» blei delt ut på Hjelparmøtet 17. september der m a kursa som er avtalt med Sunnfjord kommune er innlemma. 1.oktober hadde styret eige møte med ressurs-personane Monrad Kolstad og Egil der vi snakke nærare saman om det som gjenstår. Om ikkje lenge startar arbeidet med planar for tilbodet våren 2027 - og førebuing av problemstillingar til alt frå ev. medlemsmøte, ev. kursdeltakarmøte og til årsmøtet - men i den grad og den takt som er mulig for alle i foreninga å klare i sesongen 2026/2027.

Når det gjeld kursbehov for nokre medlemer blei det teke opp med styret at dei føler dei treng nybegynnarkurs av typen «nesten ny». Dette la styret fram på møtet 1. oktober med ressurspersonane Monrad og Egil med spørsmål om dei kunne bidra med tilbod i dette.

Vedtak:

Kurs for desse kan starte fredag 9.oktober kl 10-12 for 6-7 deltakarar der Monrad og Egil tek på seg ansvaret for kurs i 6 veker. Monrad kontaktar Rune Kvammen som hjelpar som planlagt tidlegare. Monrad og Ingunn kontaktar namngitte personar som har meldt interesse etter avisannonsert informasjonsmøte 18. september. Egil sender ut invitasjon til kurset med innhaldet i det framlagte utkastet «Startkurs i data på pc for seniorar». (Allereie same dag 1. oktober blei invitasjonen «Nybegynnarkus på pc for vidarekomne seniorar» sendt til 8 personar).

Referent: Jorunn Skogen